



Nils Andre Kolås  
Kolåsvegen 133  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5296 - 20/16474

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
25.03.2020

## Landbrukssak gbnr 107/2 Kolås - Svar på søknad om landbruksveg

### Saksopplysningar:

Søklar er heimshavar til gnr/bnr 107/2 og vegen skal gå på denne eigedommen. Vegen skal gje tilkomst til ny driftsbygning og vil vera ca 110 meter lang.

### Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området. Vegen skal gje tilkomst til ny driftsbygning som vert plassert på delar av eit areal som no er definert som beite. Landbrukskontoret har vurdert at veganlegget vil gje god tilkomst i samband med driftsbygningen.

### Natur og miljø:

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Det er ikkje kjende registreringer lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

### Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner og til fylkesmannen. Svar frå Fylkeskommunen ligg ved.

### Landskap og friluftsliv:

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Vegen vert ein del av driftsapparatet på garden og går inn på eit innmarksbeite der den nye driftsbygningen skal plasserast.

Nils Andre Kolås får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 107/2 i Alver kommune.

**Vilkår for løyve:**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).

- Veganlegga skal byggast slik dei er omsøkt.

- Tiltakshavar må sjølv innhente eventuelle løyve frå Statens vegvesen

Vedtaket er gyldig til 25.03.2023

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf.

FOR 2015-05-28-550, §3-2.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Alver kommune.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om landbruksveg - gbnr 107/2 Kolås

Vei søknad

kvitteringer

Situasjonsplan for GNR 107 BNR 2 Alver kommune

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om landbruksveg - gbnr 107/2 Kolås - Tilkomst til nytt fjøs

AcosSvarlInn.xml

**Mottakarar:**

Nils Andre Kolås

Kolåsvegen 133

5955

LINDÅS